



Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar

Retningsliner¹

1. Føremål med tilskotsordninga

Føremålet med ordninga er å styrkje det målretta trafikktryggingsarbeidet i kommunane.

2. Typar tiltak omfatta av ordninga

Tilskot frå ordninga skal gå til utarbeiding/revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar. Det vert opna for at kommunane kan nytte midlar til utgreiingar, delrapportar og liknande som er naudsynt for å sikre eit godt fagleg grunnlag for planen.

3. Målgruppe for ordninga

Målgruppe for denne ordninga er kommunane i Vestland fylke.

4. Tildeling

Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt ein gong i året.

5. Kriterium for tilskotsordninga

Følgjande grunnleggande kriterium gjeld for ordninga:

- Kommunen må levere ei skildring av planprosessen som tydeleggjer det kommunale eigarskapet til prosessen, medverknad, forventa framdrift og kostnader.
- Det er ein føremon at kommunane kan visa til eit tydeleg eigarskap til planprosessen.
- Det er ein føremon at planarbeidet sikrar brei medverknad.
- Det er ein føremon at planprosessen er godt forankra politisk og administrativt i kommunen.
- Kommunen bør stå ansvarleg for prosjektleiing og gjennomføring av planarbeidet.

6. Krav om eigendel

Eigendelen av kostnaden med tiltaket vil vere minimum 50 prosent av totalkostnaden.

¹ Retningslinene er fastsett i fellesnemnda for fylkessamanslåinga 18. juni 2019 (politisk sak 46/2019). Dei er i etterkant korrigert med rett avgjerdsmynde (punkt 8) i tråd med Reglement for folkevalde organ og delegering, vedtatt av Vestland fylkesting 15. oktober 2019 (politisk sak 2/2019).

7. Øvre tilskotsgrense

Det vert sett ei maksimal tilskotsgrense på kr. 150 000,-. Tilskot gjennom ordninga kan dekke opp til 50 prosent av totalkostnaden for tiltaket. Vert sluttkostnad for tiltaket redusert i høve til totalkostnad i søknad, vert det fylkeskommunale tilskotet redusert med tilsvarende prosentdel.

8. Ansvar for å forvalte tilskotsordninga

Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjer vedtak om tildeling av tilskotsmidlane på vegner av fylkeskommunen. Infrastruktur og vegavdelinga førebur sak om tildeling av tilskot og utfører den praktiske administrasjonen av tilskotsmidlane. Midlane vert tildelt etter søknad frå den enkelte kommune. Administrasjonen si tilråding vert lagt fram for trafikktryggingsutvalet (FTU) som innstiller til SAMO.